

# FUSA SAMFUNNSHUSLAG 2017

Kjære medeigar i samfunnshuset,

Alle som er busette i Fusabygda er medlem i Fusa Samfunnshuslag. Føremålet med drifta av huset er at alle skal ha ein felles samlingsplass for høgtidsdagar, idrett, kultur, møter og andre samkomer.

Takka vere god støtte opp i gjennom åra, både økonomisk og i form av dugnadsinnsats, har standaren på Samfunnshuset helde seg bra. Men sidan huset med tida vert eldre, har me no laga ein langtidsplan for nødvendig vedlikehald og oppgraderingar. Målet vårt er å få kontinuerleg framdrift med dette arbeidet over dei neste åra, der større prosjekt vert oppgradert etappevis. Med andre ord står me i dag framfor mange store investeringar.

## Det er fleire måtar ein kan støtte Samfunnshuset på: (Rangert etter kva det kostar)

1. Framsnakke Samfunnshuset og bygda generelt
2. Fylgje oss på sosiale media
3. Støtte oss med grasrotandel
4. Utføre dugnadsarbeid
5. Betale medlemskontingent
6. Delta på aktivitetar på huset
7. Leige huset for eigne arrangement
8. Gje ei penge-gåve til laget

## Gode grunnar for å delta på aktivitetane våre:

1. Bli betre kjent med sambygdingar
2. Gjere Fusa til ein triveleg plass å bu
3. Delta i bygda si utvikling og yte noko for fellesskapet
4. Spleise saman generasjonar og oppretthalde lokale tradisjonar
5. Skape samhald og tilknytning
6. Dele interesser og lære noko nytt, utvide den personlege horisonten

Etter § 3 i vedtektene vert det sendt ut faktura til alle medlemmer, med oppmoding om støtte til drift og investeringar i huset. Årsmøtet tilrår kr. 200,- pr. husstand, men både mindre og større bidrag vert sett like mykje pris på.

Fusa Samfunnshus har no fått **Vipps**. Bruk gjerne mobilen i staden for giroen som er på baksida av dette arket.

Beste helsing frå styret

Dersom du ynskjer å leige samfunnshuset, eller har andre innspel, ta gjerne kontakt med oss.

Heimeside: [www.fusasamfunnshus.no](http://www.fusasamfunnshus.no)

Telefon, utleige-ansvarleg: **478 18 898**

Telefon, leiar for styret: **905 55 849**

Mail: [f.sh@live.no](mailto:f.sh@live.no)

Me er også tilgjengeleg på Facebook og Instagram

Grasrotandelen: Bruk organisasjonsnummer **893 170 952** neste gong du tippar!

